



NVE

nve@nve.no

Stavanger/Suldal 02.04.2013

Osane kraftverk, Suldal kommune – klage på vedtak

Naturvernforbundet i Rogaland har motteke brev, datert 07.03.2013, der det blir orientert om vedtak om konsesjon for Osane kraftverk i Suldal kommune.

Under konsesjonshandsaminga er tidligare planar endra. Vatnet skal no førast i tunnel (ikkje i nedgrovne røyr) og minstevassføringa er auka. Til tross for planendringar meiner Naturvernforbundet at dei miljømessige konsekvensane vil vere for store. Naturvernforbundet påklagar difor vedtaket.

Naturvernforbundet er og kjende med at Suldal kommune påklagar vedtaket. Me stør opp om kommunen sin grunngjeving for denne. Me visar elles til vårt høyringsbrev i saka, datert 31.03.2006.

Me vil i tillegg minna om at det i Suldal kommune er bygd 37 små kraftverk etter 1995. Og frå før er kommunen blant dei største kraftkommunane i landet. Restområda blir desto meir verdt.

Venleg helsing

Naturvernforbundet i Rogaland

Eirin Hivand Haneberg
Styreleiar

Erik Thoring
Dagleg leiar

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland
Suldal kommune

